

Saksprotokoll i fylkestinget - 05.03.2019

Nils Marton Aadland (H) sette fram slikt forslag til fråsegn:

«Til statsråd, departement og Hordalandsbenken:

Trong for midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset

Viser til fråsegn «E39 Vågsbotn-Klauvaneset» vedtatt i Hordaland fylkesting 13.06.2018.

I fråsegna krev fylkestinget at ny trase for dagens E39 gjennom Åsane blir bygd så raskt som mogleg, og at det blir gjort naudsynte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.

Hordaland fylkesting presiserer igjen at det hastar å realisere dette prosjektet så hurtig som mulig. E39 Vågsbotn-Klauvaneset er den verste flaskehalsen på E39 i Hordaland i dag, og dei trafikale utfordringane på denne vegstrekka er stadig aukande.

Fram til ny veg for dagens E39 mellom Vågsbotn-Klauvaneset er bygd, er der det difor naudsynt med midlertidige tiltak som kan betra trafikkflyten. Eit aktuelt tiltak er ITS løysingar (intelligente transportsystem). Forsøk med dette systemet andre stader har vist at reisetida er redusert med 25 prosent og at tomgangskøyringa er redusert med 40 prosent.

I Nasjonal transportplan er det sett av nær ein halv milliard kroner til ITS prosjekt dei neste åra, men Statens vegvesen har per no ikkje ITS-løysingar på strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset i sin plan.

Hordaland fylkesting krev at det blir etablert ITS/andre aktuelle tiltak for å betra framkoma på denne tett trafikkerte vegen. Fylkestinget strekar under at dette er midlertidige tiltak i påvente av ny E39 som må realiserast så raskt som mogleg.»

Røysting

Det var 56 representantar tilstades.

Aadland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Trong for midlertidige tiltak i påvente av ny E39 mellom Vågsbotn og Klauvaneset

Viser til fråsegn «E39 Vågsbotn-Klauvaneset» vedtatt i Hordaland fylkesting 13.06.2018.

I fråsegna krev fylkestinget at ny trase for dagens E39 gjennom Åsane blir bygd så raskt som mogleg, og at det blir gjort naudsynte vedtak og ekstraordinære løyvingar for å sikra framdrift i arbeidet.

Hordaland fylkesting presiserer igjen at det hastar å realisere dette prosjektet så hurtig som mulig. E39 Vågsbotn-Klauvaneset er den verste flaskehalsen på E39 i Hordaland i dag, og dei trafikale utfordringane på denne vegstrekka er stadig aukande.

Fram til ny veg for dagens E39 mellom Vågsbotn-Klauvaneset er bygd, er der det difor naudsynt med midlertidige tiltak som kan betra trafikkflyten. Eit aktuelt tiltak er ITS løysingar (intelligente transportsystem). Forsøk med dette systemet andre stader har vist at reisetida er redusert med 25 prosent og at tomgangskøyringa er redusert med 40 prosent.

I Nasjonal transportplan er det sett av nær ein halv milliard kroner til ITS prosjekt dei neste åra, men Statens vegvesen har per no ikkje ITS-løysingar på strekninga E39 Vågsbotn-Klauvaneset i sin plan.

Hordaland fylkesting krev at det blir etablert ITS/andre aktuelle tiltak for å betra framkoma på denne tett trafikkerte vegen. Fylkestinget strekar under at dette er midlertidige tiltak i påvente av ny E39 som må realiserast så raskt som mogleg.»